
Fra: Frøydis Ones
Sendt: 7. mai 2014 10:08
Til: 'Svein M. Nordvik'
Kopi: Hogne Haugsdal; Arnold Matre
Emne: SV: FORESPØRSEL - PLAN FOR SENTRALE KNARVIK

Planframlegget vert lagt fram for plan- og miljøutvalet i møte den 18. juni. Dokumenta vert offentleggjort når dei vert sendt til utvalet før møtet. Høyringsperioden vil starta så snart som råd er om utvalet vedtek ny utlegging. Sidan det er sommarferie, men og fordi det er ein kompleks plan, vert høyringa utvida i forhold til minimumskravet på 6 veker som plan- og bygningslova set. Når merknadene er kome inn skal styringsgruppa ta stilling til desse før plan- og miljøutvalet får saka til formell handsaming. Om det ikkje ligg motsegn til planframlegget, kan kommunen ved kommunestyret eigengodkjenne planen. Om merknadene som kjem inn ikkje medfører ekstra arbeid på planframlegget, kan planen handsamast politisk i haust. Må det arbeidast meir med planen, vil det gå litt ekstra tid. Kor mykje er avhengig av kva som må gjerast.

Ja det vert utarbeidd eit kostnadsbilete (dvs anslag) for ein del av planframlegget. Eg er litt usikker på kva du meiner med tidsbiletet under spørsmål 3.

I utgangspunktet er det lagt ned forbod mot tiltak. Sidan dette forboden vart lagt ned har plan- og miljøutvalet likevel tatt stilling til søknader i planområdet. Dette er det opna opp for i vedtaket av 2010 og det siste av april i år, siste setning: «Plan- og miljøutvalet tek avgjerd i spørsmål om tiltak som kan gjennomførast utan at planlegginga vert negativt råka, jf. plan- og bygningslova §13-1, 2. ledd.»

Om noko her er uklart eller ikkje tilstrekkeleg nok svar, høyrer eg gjerne frå deg igjen!

Venleg helsing
Frøydis Ones
Areal- og miljøeininger
Lindås kommune

Fra: Svein M. Nordvik
Sendt: 29. april 2014 11:05
Til: 'froydis.ones@lindas.kommune.no'
Kopi: Hogne Haugsdal (Hogne.Haugsdal@lindas.kommune.no)
Emne: FORESPØRSEL - PLAN FOR SENTRALE KNARVIK

Mange er naturligvis opptatt av planarbeidet for det sentrale Knarvikområdet.

Derfor:

1. Hva er tidsplanen for selve planarbeidet (politisk behandling i utvalg/formannskap/kommunestyret/andre)
mao når forventes den endelig godkjent?
2. Når blir planen tilgjengelig?
3. Vil planen ha en konsekvensvurdering? (tidsbildet og kroner)
4. Innebærer vedtaket om 1 års videreføring av forbud mot tiltak innenfor planområdet i Knarvik at det ikke vil bli behandlet saker før i 2. halvår 2015?

Vennlig hilsen

Svein M. Nordvik

Nordhordland Handverk- og Industrilag

Tlf 56 35 82 10 | Mobil 952 58 165

smn@nhil.no

www.nhil.no